

Klasseforeldremøte 4.trinn 10.09.14

Referat:

Frammøte: Kjetil Sande, Camilla Otterlei Haugland, Aud-Karin Helland, Eva Rikstad, Gullborg Rikstad, Tormod Grindheim, Mariann Titland Sundt, Mona Lill Vågenes.

Val av klassekontaktar: Eva Rikstad 1 år, vara Elisabeth Vågenes 1 år, FAU Tormod Grindheim 2 år.

Kontaktlærer informerer om klassen: Ein fin klasse med snille, empatiske og engasjerte elevar. Ei flott elevgruppe som respekterer og motiverer kvarandre. Faglig jobbar elevane gjerne differensiert (ulikt) ut frå sin ståstad, dette er det openheit om i klassen og alle er einig om at me alle er ulike og vert heldigvis tatt vare på der etter. Alle elevane har noko dei er svært gode på og det prøver me å fokusera på, det er med på å halde motet oppe når me møter på noko som er vanskeleg. Me har alle god orden på tinga våre, perm med skilleark til dei ulike faga, ryddig garderobe, forlèt aldri ein rotete pult osv. Drikka gjer me i friminutt eller i start og slutt på timane, dobesøk prøver me å begrensa til berre når me må på do, ikkje når me har lyst på ein vandretur.

Itslearning.no er læringsplattformen me brukar i Radøyskulane. Elevane har fått brukarnamn og passord til nettsida og alle har vore inne og sett litt her. Fint om dei får bruka pc heime også. Kontaktlærer vil leggja inn litt og litt slik at me saman bygger opp sida. Under «gode nettsider» vil det vera linkar til trygge nettstader. Kanskje det kjem litt frivillige oppgåver også etter kvart.

Leseuniverset: (Guided reading) I år vil kontaktlærer prøva å nytta meir av dette leseverket i heimelekse, det er ein god måte å diffrensiera lekse på, i tillegg til at elevane får vera med å bestemma tema/bok utfrå nivå eg har kartlagt dei på . Det er viktig at heimen føl opp lesinga, les med dei, høyrer når dei les og samtalar om boka/tema, svarer på både munnlege og skriftlege spm som eleven og kontaktlærer har vorte einig om.

Ny vekeplan: Layouten på vekeplanen er vorte ny og planen går over to veker. (viser på smarttavla). Den første sida inneheld læringsmål, dei går me grundig i gjennom måndag, fint om de heime gjer det også. Info til heimen og ordenselevar er også der. Vidare er det ei side for kvar veke, her står lekse, vekeord, glosar og litt info elles. Det som er heilt nytt er eigenvurdering, her skal eleven få mulighet til å vurdere sjølv kor langt dei er kommen i læringsmåla. Det er fint om heimen ser på eigenvurderinga saman med eleven og evt kryssar ut. Det er fargekodar for den ulike måloppnåinga, grøn=høg måloppnåing, gul=middels måloppnåing og raud= låg måloppnåing. Me vil også gå gjennom dette på skulen om fredagane. Ferdig vekeplan legg elevane i eigne permar i klasserommet.

Uteskule/symjing: Onsdagane vert det ofte uteskule, sett vekk frå symjeperioden. Kontaktlærer på 3. og 4. trinn vil samarbeida om dette og ser fram til mange gode lærestunder ute. Her vil det komma fortløpande info på planen. Foreldre som vil og har anledning er

velkomne til å vera med. Hugs varme, vanntette klede og støvlar. Lue og vottar når kulden kjem.

Dei ulike faga: Kontaktlærer snakka litt om utfordringar elevane står over, krava til kompetanse vert høgare og høgare. Lesing og grunnleggjande rekning er difor svært viktig at heimen også fokuserer på. Forutan leksene er det også viktig med kvardagsmatte og lesing i fri litteratur. Me vil prøva å jobba så godt på skulen at det vert mindre lekse, dette er alle elevane innstilt på. Det vert ein periode framover berre lekse i norsk, matte og engelsk. Også i engelsk er det viktig for heimen å fylgja med, les og snakk saman med barnet, det vert meir og meir engelsk i alle yrker i samfunnet, så her må dei henga med.

Ref.: Jannicke

TIPS TIL HEIMEN ☺

Engelsk: Sjølvstøtt følg opp lekse. Bruk td stairs.no. Set av nokre minuttar for dagen/veka der alle i heimen prøver å kommunisera på engelsk, det kan verta mykje moro av det ☺

Matte: Sjølvstøtt følg opp lekse. Multi.no. Spel mykje brettspel, yatsy, kort osv. Øv på tiarvennar, gongetabellar, plassverdisystemet osv når de er ute å køyrer bil. Td kva er $2+8$, $4+6$, $5+5$... 2×3 , 3×3 , 4×3 ... kva er hundrar i 456, kva er tiar i 763, kva er einar i 32... Snakka om kvardagslige ting som måleeinhetar, kor mykje mjølk det er i kartongen, kva veg smøret, kva og kor mykje treng de av kvart ved matlaging.. Er jenta/guten glad i dataspel, så avtal fyst 15 min på td multi før dei får gå fritt..

Norsk: Sjølvstøtt følg opp lekse. Les alt de kjem over, bilskilt, reklameskilt, avisoppslag, reklame i posten (kva dei ulike butikkane sel og til kva pris, både lesing og tal), ver interessert i kva bøk dei låner på biblioteket! Skriva og les på pc, laga historier og senda til meg på itslearning, nokre lærer best å lesa ved å skriva mykje.

Sosialt: snakka om kvardagen og kvardagslege ting, kva gjorde de på skulen i dag då? Kva har du lært i dag då? Viktig med positiv snakk om både skule, medelevar osv. Det gjer elevane meir positiv til det meste. Ps. Dei er positive, så berre held fram slik de gjer ☺

